



MELAND KOMMUNE
Kommunalavdeling for helse- og sosialtenester

Arbeids- og sosialdepartementet
Einar Gerhardsens plass 3
Postboks 8019 Dep.
0030 OSLO

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 200808121	Dok.nr.: 58
Arkivkode: 416.0	Dato: 15.11.05
Avd.: DRAD SAF	Saksbeh.:
U.off.:	

Dykkar ref.
Vår ref. HIH

Journalp.ID 05/12216
ArkivsakID 04/85
Arkiv nr. N-000

Dato 04.11.2005

HØYRING - FRAMLEGG TIL NY LOV OM ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNINGEN.

Innleiing

Meland kommune ser fram til ei ny felles 1.linje for brukarane av den nye arbeids-og velferdsetaten og sosialtenesta i kommunen og vi har alt starta tenkninga rundt konseptutvikling. Med god førebuing trur vi at det fins arbeidsmetodar og orgasasjonsmodellar som kan føra personar tilbake til arbeid eller aktiv verksemd slik at færre i framtida vil ha trygd eller stønad som hovedinntektskjelde.

Vi har følgjande innspel til høyringsrunden om "Framlegg til ny lov om arbeids- og velferdsforvaltningen og tilpasninger i visse andre lover."

Ei dør prinsippet

Eit viktig mål for reforma er at velferdsforvaltninga skal verta meir brukarvennleg, samordna og effektiv, difor har ein profilert ei dør- prinsippet inn til det nye arbeids- og velferdskontoret. Dette prinsippet er vi heilt samde i fordi vi til dagleg ser ulempene for brukarane at trygdekontoret, aetat og sosialtenesta ikkje er samordna. Svært mange av dei som er avhengige av økonomisk sosialhjelp har også bruk for andre tiltak og tenester som sosialtenesta forvaltar. Difor finn vi det både lite brukarvenleg og lite effektivt om sosialtenesta berre skal ta med seg økonomisk sosialhjelp inn i den nye 1. linja., jfr. § 8 i lova. Dersom ein vel minimumsløysinga vil mange måtte forhalde seg til fleire dører og sosialtenesta framstå som fragmentert og lite heilskapleg.

Tverrfagleg samarbeid

Vi ser på tverrfagleg samarbeid som nøkkelen til å nå målet i reforma, det gjeld samarbeid mellom sosialtenesta og den nye arbeids-og velferdsetaten på den eine sida og mellom den nye 1.linja og andre kommunale tenester på den andre sida. Vi sluttar oss til departementets breie definisjon av førstelinjetenesta.

Adresse
Postboks 79
5906 Frekhaug
postmottak@meland.kommune.no
helse.og.sosialkontoret@meland.kommune.no

Telefon:
56 17 40 00

Telefaks:
56 17 40 01
avd. 56 17 40 68

Bankkonto:
3632 07 00242

Bankkonto, skatt:
7855 05 12563

Med ei slik forståing vil det vera heilt naturleg at sosialtenesta tek med seg både kompetansen og beslutningsansvaret som ein i dag har for å fremja arbeidslinja. Det gjeld også kompetansen innan rus og psykiatri.


I § 9 som omhandlar samarbeid og oppgavedeling går det fram at avtalen mellom partane kan innehalda avgjerder om at statsetaten og kommunen kan utføra oppgåver på kvarandres myndighetsområde. Vi trur dette kan opna for ei effektiv og brukarvennleg teneste dersom avtalane mellom partane er klare og målretta sjølv om statsetaten forvalter regelstyrte lover og kommunen i hovedsak ei skjønnsbasert lov. Det bør vurderast om ikkje ein bør innføra ei statleg garantert minsteinntekt for å redusera behovet for dobbeltarbeid med to vedtak for inntektssikring slik tilfellet ofte er i dag. Sosialtenesta kunne då frigjera tid til arbeid med ungdom, til dømes å forvalta ungdomsgarantien.

Kostnadsdekning


Staten skal ta meirkostnadane for tilrettelegging av arbeids- og velferdskontoret inklusiv kostnadane ved å leggja til rette for minimumsordninga for sosialtenesta (økonomisk sosialhjelp).

Med bakgrunn i vår tenkning om ei dør prinsippet og tverrfagleg arbeid meiner vi at staten må dekkja utgiftene til samlokaliseringa av sosialtenesta ut frå det den enkelte kommune finn hensiktsmessig å ha med seg inn i det nye arbeids- og velferdskontoret.

Kommunalavdeling for helse- og sosialtenester



Frode Wikne
kommunalsjef



Hildegunn Hove
Sosialleiar